

## Saksprotokoll i kontrollutvalet - 08.05.2017

### **Handsaming i møte**

Det er laga eige referat etter felles arbeidsmøte mellom kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune og kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune der m.a. dette går fram:

Arbeidsmøte kl. 14.00 – 16.00

Til stades:

Fungerande fylkesordførar i Hordaland fylkeskommune Pål Kårbø deltok frå kl. 15.00

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune:

- Inge Reiar Kallevåg, leiar
- Kristian Helland, nestleiar
- Leidulv Brunborg (vara)
- Sekretær for kontrollutvalet Hogne Haktorson og Roald Breistein
- Forfall: Åse Gunn Husebø, Terje Kolbotn, Sara Berge Økland

Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune:

- Frank Willy Djuvik, leiar
- Odd Atle Stegegjerdet, nestleiar
- Klaus Iversen
- Lise-May Sæle
- Sekretariat for kontrollutvalet Einar Ulla  
Forfall: Karoline Aldis Bjerkeset og fast møtande 1. vara Frode Bøthun

### **Milepælar for arbeidet vidare.**

- *Val av revisor for fellesnemnda – handsaming i kontrollutvala mai 2017 – sikre at det er kontrollutvala som lager saksframlegg vedr. val av revisor. Roald presenterte saksframlegg for val av revisor til fellesnemnda. Dette må koordinerast med fylkesrådmennene.*
- *Rett til innsyn – kontrollutvalet sin rett til å kontrollere fellesnemnda – bør undersøkast*
- *Plan for FR – felles arbeid – samkjøring av planane*
- *Plan for SK – felles arbeid – eigne planar*
- *Konkurranse om val av revisjonsordning – 2018 – sekretariata bør starte opp arbeidet hausten 2017*
- *Møte nr. 2 om samanslåing –seinhausten 2017 – Det vart avtalt møte mellom dei to kontrollutvala 21. november 2017. Vertskap blir kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Forslag til tema for møtet:*
  - *Val av revisjonsordning - prosess*
  - *Planverket (Plan for forvaltningsrevision og plan for selskapskontroll)*
  - *Val av sekretariatsordning*
  - *Statusorientering frå FRM i Sogn og Fjordane»*

### **Vedtak**

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.